

# MÅNADSRAPPORT 2021-02

Nye Førde sjukehus

**NYE FØRDE SJUKEHUS**  
- bygt med vår innsikt og innsats



## Rapporten sitt formål og bruk

Denne rapporten skal nyttast mot alle partar som har behov for innsyn og status i arbeidet med Nye Førde sjukehus.

Rapporten vil bli nytta til kvartalsrapportering mot styret i Helse Førde, månedleg rapportering i styringsgruppa, dialogmøte med Helse Vest og informasjon til heile organisasjonen i Helse Førde ved at rapporten blir lagt ut på vårt intranett.


Rapporten vil bli oppdatert ein gong per måned, og det blir ført løpande revisjonslogg på dokumentet.

Revisjons logg			
Dato	Endring	Utført av	Godkjent
2019-04-05	Utkast til rapport for gjennomgang i styringsgruppe	KIS	
2019-04-12	Sluttjustert for styremøte 29. april	KIS	
2019-05-10	Oppdatert for månadsrapport for april	KIS	
	Sletta revisjonslogg		
2020-10-12	Oppdatert månadsrapport for september	KIS	
2020-11-20	Oppdatert månadsrapport for oktober	KIS	
2021-03-23	Oppdatert månadsrapport for februar	KIS	



## Innhald

1	Kort status om arbeidet .....	4
2	Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet.....	5
3	Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet.....	5
4	Spesielle problem og tiltak.....	6
5	Brukarmedverknad, status og samarbeid.....	6
6	HMS.....	6
6.1	SHA – Sikkerheit helse og arbeidsmiljø.....	7
6.2	Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus.....	7
6.3	HMS-avvik .....	7
7	Informasjonsarbeid .....	8
8	Hovudaktivitetar neste periode .....	9



## 1 Kort status om arbeidet

Kort status blir i rapporten meldt på følgjande punkt:

- Dagabygget
- Kontraktssignering Livaprojektet
- Kvalitetssikring av detaljbudsjett

### **Dagabygget**

Dagabygget er overlevert og teke i bruk av psykisk helsevern med formell markering den 19. februar. Det er positive tilbakemeldingar frå dei som har teke bygget i bruk, og det blir no lagt planar for evaluering av prosjektet og gjennomføringa. Teknisk drift følgjer opp prøvedriftsperioden og dei avsluttande arbeida utomhus. Prosjektrekneskapan for delprosjekt viser ein sluttkostnad på 336 millionar, medan budsjettet var på 349 millionar.

### **Kontraktssignering Livaprojektet**

Det er no semje med Veidekke om detaljar for signering av kontrakt på Livaprojektet. Kontrakten på 685 millionar ekskl. mva. blir signert den 23. mars. Det er brukt mykje tid på gjennomgang og presisering av innhaldet i kontraktsdokumenta, noko som har trygga partane på at det no er semje om kva som skal gjennomførast.

### **Kvalitetssikring av detaljbudsjett**

Nye Førde sjukehus har endra budsjettstruktur etter styrevedtaket den 29. januar 2021.

I arbeidet med kvalitetssikring av detaljbudsjettet har det vist seg nødvendig å auke investeringane i medisinteknisk utstyr. Medisinteknisk utstyr med prioritet 2 var ikkje var teke inn i kontrollavstemminga for detaljbudsjettet inn mot styresaka den 29. januar, men er no lagt inn med 16 millionar.

Denne endringa treff Livabygget med 11 millionar og Svanabygget med 5 millionar. Det er per no ikkje grunnlag for å redusere prognosar for reservepost. Korrigert for innsparinga i Dagabygget blir Nye Førde sjukehus derfor rapportert samla sett 13 millionar over budsjett.

## 2 Avvik og korrigerende tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet

Nye Førde sjukehus er inne eit skifte. Dagabygget er avslutta og budsjetta for dei kommande delprosjekta omstrukturerte med tilhøyrande budsjett i samsvar med styresaka den 29. januar 2021.


Det blir rapportert med ein sluttprognose 13 millionar over budsjett. Tiltak er ikkje definert utover vidare arbeid med kvalitetssikring av kostnadar og månadlege prognosar for sluttkostnad i prosjektet.

## 3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet

Budsjett og låneramme blir årleg justert i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Justeringa er i oppstillinga nedanfor vist frå konseptfasen i 2015, og prosjektet si investeringsramme er oppdatert til 1 766 millionar i 2021-kroner. I samsvar med styrevedtak 29. januar 2021 er i tillegg ramma for prosjektet auka med 140 millionar.

Rammejustering	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Vedtak
Førre periode	1 520,0	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1	1 686,4	1 732,9	1 765,8
Justering		39,5	39,0	42,6	45,3	46,5	32,9	140,0
<b>Gjeldande år</b>		<b>1 559,5</b>	<b>1 598,5</b>	<b>1 641,1</b>	<b>1 686,4</b>	<b>1 732,9</b>	<b>1 765,8</b>	<b>1 905,8</b>

Prosjekta blir rapportert med basis i 2021 kroner




Restrukturert		Status i prosjekt				
Delprosjekt	Budsjett	Påløpt	Gjenstående	Reserve	Sum	Differanse
Dagabygget	336	314	21	2	336	-
Infrastruktur	86	54	30	2	86	-
Livabygget	1 044	91	924	37	1 052	8
Svana 1	161	16	137	11	164	3
Svana 2	209	21	176	14	211	2
Svana 3	70	-	63	7	70	-
SUM	1 906	495	1 352	72	1 919	13

Budsjetta er justerte for Livabygget og dei kommande delprosjekt i høve til løysing med Livabygget i åtte etasjar.



For delprosjekt Dagabygget så er sluttregneskapen for delprosjektet no klart. Delprosjektet har, i samsvar med oppstillinga nedanfor, spart 13 millionar av reservepotten på 31 millionar som var satt av for gjennomføring av delprosjektet. Dei 13 millionane er overført til budsjett for andre delprosjekt i Nye Førde sjukehus



Det er for Dagabygget sett av ein reservepott på 1,5 millionar for å sikre den tekniske prøvedriftsperioden som går fram til mars 2022, samt gjere opp bonusordning i samsvar med mandatet i delprosjektet.

Denne månadsrapporten blir siste månadsrapport med rapportering av detaljar knytt til reservepott for Dagabygget.

## 4 Spesielle problem og tiltak

Helse Førde har ved utvikling av kontrakt for Livaprojektet hatt ein hovudfilosofi om at Helse Førde sjølv skal bere risiko for forhold som entreprenør ikkje kan påverke.

For Livaprojektet kan følgjande risikoar nemnast spesielt:

- Covid-19
- Uføresette forhold i grunnen
- Stålprisar
- Opsjonsliste med nedtak av kostnader på 12 millionar

Desse risikoforholda vil i hovudsak bli avklara i løpet av 2021. Det blir per no vurdert at reservepost på 48 millionar er tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre Livaprojektet (37 millionar for Livabygget + 11 millionar for Svana 1).

## 5 Brukarmedverknad, status og samarbeid

Det er under utarbeiding eit revidert mandat for gjennomføring av Livaprojektet. Dette skal spisse vidare arbeid og organisering inn mot å realisere det prosjektet som vart vedteke av styret den 29. januar.

Detaljprosjekteringa vil krevje omfattande brukarmedverknad i 2021.

Prinsippa for medverknad skal vidareførast slik vi hittil ar arbeidd med prosjektet, og det blir planlagt med prosjektgruppemøte for Livaprojektet kvar 14. dag.

Brukarmedverknad vil framover bli spissa inn mot realisering av Livaprojektet (Livabygget + Svana 1). Svana 2 vil ha lite fokus i byggeprosjektet i 2021 og 2022.

## 6 HMS

### 6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø

Byggeprosjekt er ein arbeidsplass som er underlagt byggherreforskrifta. Denne forskrifta skal sikre sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for arbeidsplassar av skiftande karakter.

Det er for prosjektet utarbeidd ein overordna SHA-plan for Nye Førde sjukehus, og føringar frå den overordna planen skal implementerast i entreprenøren sine planar for gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Vedlikehald av den overordna SHA-planen er Helse Førde som byggherre sitt ansvar.


#### Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Dagabygget er avslutta og Livabygge under planlegging for oppstart.

### 6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus

Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og har utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet. Dette med omsyn til mellom anna avfall, transport, arealbruk og forureining. Entreprenør rapporterer sorteringsgrad og avfallsmengde i sin månadsrapport, og gjennomfører systematisk oppfølging og utkwittering av miljøoppfølgingsplanen.

Arbeidet med Dagabygget var avslutta i desember 2020, og entreprenør sin månadsrapport for januar 2021 blir sluttrapport for avfallssortering på Dagabygget.



### 6.3 HMS-avvik

HMS-avvik blir i prosjektet meldt og følgt opp i ulike system:

1. Helse Førde si avvikshandtering i Synergi. Melding frå Helse Førde-tilsette og handtering av avvik som grensar inn mot drifta av sjukehuset.
2. Entreprenør sitt avvikssystem for gjennomføring av dei ulike delprosjekta.

Ny Førde Sjukehus vil i månadsrapporten rapportere om HMS avvik frå dei definerte systema.

#### Status og arbeid denne perioden:

For Dagabygget er det ved utgangen av januar utført 116643 arbeidstimar og måleparameterane innan på


personskade er (etterfølgjande måltal per 1 000 000 arbeidde timar):

**H1 skade = 26** (Arbeidsulykke med fråvær)


**H2 skade = 51** (H1 + hending med medisinsk behandling/tilrettelegging)

**F-verdi = 206** (Fråværsdagar på grunn av arbeidsulykker)

Dette blir sluttrapport for Dagabygget :



I månadsrapporten til entreprenør er det meldt følgjande status på avvik/RUH:



Det er ikkje identifisert alvorlege hendingar i rapporteringa.

## 7 Informasjonsarbeid

Nye Førde sjukehus er i eit kommunikasjonsmessig skifte. Dagabygget er avslutta og teke i bruk, og vi har signert kontrakt for oppstart av Livaprojektet. På kort sikt må det informerast om oppstart av Livaprojektet, og det må formulerast ein ny kommunikasjonsplan for Livaprojektet.



## 8 Hovudaktivitetar neste periode

Livaprojektet startar opp med fysiske arbeid den 12. april.

Når detaljprosjektering startar opp etter påske skal milepålar for Livaprojektet etablerast ut frå Veidekke sin rammeplan for framdrift.

Det er nedanfor vist ei tidslinje som indikerer hovudramme for framdrift i Nye Førde sjukehus

